



Linnea M. Ripel gjekk heilt til topps i rennet på Sjusete søndag

Dei unge langrennsløparane som deltok i kretsrenna på Sjusete laurdag og søndag, gjorde ein super innsats. Laurdag gjekk Kvammasprinten, og søndag var det distanserenn i klassisk. Det var 186 deltakarar i aldersgruppa frå 8 år til senior laurdag medan det var 181 søndag. Det er kjekt å registrera den gode innsatsen til dei lokale løparane, og det var kvinnheringar på toppen av sigerspallen begge dagar.



Anna Elisabeth Samland Eik gjorde to gode renn i helga. Her under Kvammasprinten laurdag.

Renna var for deltakarar frå 8 år, men det er berre dei som er over 10 år som vert rangerte etter tid. Blant dei yngste deltok tvillingane Frøy og Trym Sæle, og sjølv om det ikkje var rangering, viser tidene deira at dei gjorde svært gode løp.

Elles deltok Birk Sæle(G15), Anna Elisabeth Samland Eik(J14), William S. Eik(G11) og Linnea Myklebust Ripel(J11) begge dagar medan Amund Hella Berge-Soldal(G12) deltok i det klassiske distanserennet søndag. Alle gjorde ein flott innsats, og aller best var Linnea M. Ripel. Etter at ho vart nr.2 i kretrenn på Voss for 14 dagar sidan beviste ho at ho er i kretstoppen i sin klasse. Lørdag slo ho til med ein flott 3.plass i sprintfinalen etter at ho først hadde blitt nr.2 i prologen. Søndag toppa ho helga med å gå heilt til topps i distanserennet.



William S. Eik viste lovande takter i konkurranse med dei beste frå heile fylket.



Amund H. Berge-Soldal, midt i bildet, fekk ein flott 5.plass like framfor dei to Ternen-brørne Sondre og Eirik Soma Erslund t.h. for han på bildet.

Også andre kvinnheringar gjekk heilt til topps i sine klassar. Marcus Enes Seberg, OIL/Vossalangrenn, vann klassen sin(G14) i det klassiske rennet søndag etter å ha blitt nr.2 i sprinten laurdag. Søstera Emilie(J12) gjekk heilt til topps i sprinten laurdag. Det var også fleire andre frå både Omvikdalen IL og IL Ternen som gjorde svært gode løp i den tøffe konkurransen. Frå 13 år har renna status som kretsmeisterskap, og Marcus Enes Seberg kan dermed titulera seg som kretsmeister. Fullstendige resultat finn de [HER](#).

Kvinnheringane var naturleg svært fornøgde etter rennet. Renna på Sjusete var ein flott langrennsfest som vart losa vel i hamn av meir enn 30 dugnadsarbeidarar frå arrangørane kvar dag. Knut Johannes Ripel fortel og at det er veldig kjekt med det gode samarbeidet mellom klubbane i kommunen. I år har Uskedal IL eit tettare treningssamarbeid med Rosendal TL/ Omvikdalen IL. Resultatet er eit betre tilbod til løparane både sportsleg og sosialt. Hadde det ikkje vore for avstandane, hadde nok heilt sikkert IL Ternen også vore ein del av dette. Elles gleder dei alle seg over dei gode snøforholda i skianlegga både i Fjellhaugen og Tveitedalen for tida.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel.